

# **PROTOKOLL FRÅ ÅRSMØTE I**

## **FITJAR SOKN**

**30. APRIL 2017 KL. 12.30**

Soknerådsleiar Helga Olsen Aadland ynskte vel møtt til årsmøte. På møte var det 30 personer som møtte opp. Soknerådsleiar haldt fram som ordstyrar for resten av møte.

**Sak. 1. Val av skrivar**

Styremedlem Mette Lambach vart vald til å skriva protokoll frå møte.

**Sak 2. Val av to personar til å skriva under protokollen**

Haldis Abotnes og Nils Andreas Brekke vart valde til å skriva under på protokollen.

**Årsmelding for 2016**

Soknerådsleiaren presenterte årsmeldinga med å gå gjennom kvart einskild tema. Det vart gjeve høve til å komme med kommentarar og spørsmål undervegs.

Trusopplæring

Anne Marie Røed kom med innspel om at det ikkje kjem klart frem kven som driv babysong og småbarnstreff. Følgande vil derfor bli sett inn i årsmeldinga:

Tilbodet som vert drive av Helga Rimbareid og Astrid Prestbø, inneheld.....

Drift av kyrkja og gravplassen

Det kom innspel om at det må stå i årsmeldinga at kyrkja har fått nytt lydanlegg.

Økonomi

Harald Rydland informerte om økonomien og at det er laga sak om dette i forhald til overføringsar frå kommunen der ein manglar 400.000,- Ein reknar med å få saka opp i formannskapet i juni og har då søkt om ekstra løying på 800.000,- .

### Fitjar kyrkjelyd sitt misjonsprosjekt

Det kom innspel om at soknerådet informerte om sitt nye misjonsprosjekt den 17.09.16, og at det bør komme med i årsmeldinga.

Anne Marie Røed ynskte at innkalling og referat som gjeld soknerådsmøta vert lagde ut på kyrkja si heimeside og la til at ho og sakna referat frå årsmøte 2016 på heimesida. Ho kommenterte dognadsinnsatsen i samband med orgelprosjektet som er mykje omtalt i årsmeldinga, men sakna at ein og nemner alle dei kvinnene som står på heile året, år etter år. Det er viktig å inkludera alle, i det viktige dognadsarbeidet som vert gjort i soknet. Ho takka Harald Rydland for ryddig informasjon om økonomien.

Soknerådet vil legge til i årsmeldinga at dei takkar alle for innsatsen i året som har gått.

### Åpen post

Herman Inge Aadland fortalte kor godt det har vore å vere ein del av dognadsinnsatsen dette året. Han framheva at vi har i overflod, og oppfordra alle til å gje litt og å be. Han takka heile staben for flott innsats.

Silje Fyllingen synes det er ei ære å få jobbe i kyrkja og oppfordra alle til å be for dei.

Harald Rydland svara på innspela frå Anne Marie Røed og lovte å få lagt ut innkallingar og referat, men at dei må prioritere oppgåvane. Han informerte og om at brannvarslingsanlegget i kyrkja no er kobla direkte til 110.

Nils Vestbøstad ynskte seg sterkare lyd i kyrkjeklokkene i slutten av gudstenestene.

Helga Olsen Aadland avslutta årsmøtet med å takke for oppmøte og engasjementet i kyrkjelyden som gjer det så kjekt å gå i kyrkja på Fitjar.

*Haldis Abotnes*  
Haldis Abotnes

*Nils Andreas Brekke*  
Nils Andreas Brekke